vossvirka

Jordnær innovasjon
– for næringsliv, for naturen og for framtida

På Voss har me alltid visst verdien av å skapa noko med eigne hender. Her har hardt arbeid, landbruk og samarbeid stått sterkt – og det gjer det framleis. Jordnær innovasjon handlar om å byggje ny sirkulær næring på naturens premissar, der landbruk og industri, teknologi og tradisjon spelar på lag. Voss Virka samlar solide industriaktørar, gründarar og innovatørar som vil skapa noko ekte.

Voss Virka er ein biosirkulær industripark, lokalisert på Bjørkemoen i Voss herad. Her møtast industri, teknologi og biologi i eit samspel som gir retning og kraft til ny verdiskaping. Prosjektet er eit samarbeid mellom grunneigarane på industriområdet, Voss herad, Bjørke Sandtak og BIR, saman med nøkkelaktørane i den industrielle symbiosen. I dag omfattar dette:

- Biogassproduksjon: BIR sitt biogassanlegg som i full drift vil handtera 18 000 tonn matavfall og 36 000 tonn husdyrgjødsel årleg.
- Insektproduksjon: Invertapro som skalerar sin insektfabrikk til industriell produksjon. Dei vil levera 1500 tonn berekraftig fôr som kylling, høns, svin og laks kan ete.
- Sirkulær gjødsel. Frå biogassproduksjonen kjem der flytande biorest som går tilbake til bøndene som gjødsel. Det fjernar utslepp frå metangass, og er eit viktig bidrag til klimavenleg mjølke- og kjøtproduksjon på Voss
- Innandørs dyrking: Voss Microz produserar spirer og mikrogrønt i eitt av industrilokala på området. Dei leverer ferske produkt, kvar veke, heile året til Vestlandets beste restaurantar
- Energi: Det er identifisert gode ressursar av grunnvassbasert grunnvarme på området. Selskapet Geoterm er ei knoppskyting som vi etablera denne energikjelda som ein del av den nasjonale energimiksen

Industriområdet er ein plass for næring, ikkje berre idear. Her blir ressursar utnytta i kretsløp, og verdiane blir igjen i samfunnet. På Bjørkemoen ligg eit ferdig regulert og nedbygd område klart for framtidsretta næring. Området har god teknisk infrastruktur og fleksible løysingar for etablering.

Med kort avstand til Voss sentrum og gode transportårer mot Bergen, Austlandet og resten av verda, blir det enklare å vere del av eit større kretsløp.

Symbiose gir verdi

Sirkulærøkonomi er eigentleg sunn fornuft. Men for mange bedrifter er det likevel eit nytt landskap der forretningsmodellane framleis er under utvikling. I Voss Virka går me denne vegen saman. I sirkulære system er samarbeidet tettare enn i tradisjonelle verdikjeder. Her må ein vere villig til å tenkje nytt, løyse flokar saman og sjå heilskapen: Det som er bra for dei andre, er ofte også bra for di eiga verksemd. Når aktørane spelar kvarandre gode, oppstår det ei form for industriell symbiose. Det gir:

- Meirverdi i kroner
- Lågare utslepp
- Ressursar som held seg i omløp der dei gjer nytte, i staden for å gå tapt

Dette er ikkje berre god miljøstrategi, det er god forretningsstrategi!

Symbioseselskapet Voss Virka AS

Voss Virka AS er etablert av Voss herad og BIR for å operasjonalisera den felles strategien om å etablera sirkulær industri knytt til biogassanlegget på Bjørkemoen på Voss. Arbeidet er forankra i SNU – strategisk næringsplan for Voss herad og konsernstrategien til BIR.


Målet er å byggja ein lønsam, sirkulær og regenerativ bioøkonomi gjennom koplinga mellom jordbruk og industri. I tråd med vedtektene skal selskapet bidra til etablering av partnarskap, nyetableringar og innovasjonsprosjekt, sikra offentleg og privat finansiering, og initiera samarbeid for felles verdiskaping, utvikling av fellestenester og ei heilskapleg utvikling av området. Konkret arbeider Voss Virka mot å:

- etablera minst éin industriell aktør innanfor dei definerte verdikjedene på Bjørkemoen i løpet av tre til fem år
- auka verdien av bioresten frå biogassanlegget og styrkja verdiskapinga i landbruket
- utvikla Innovasjonshuset Bjørkemoen 46 (BM46) til eit levande innovasjonsmiljø og ein inngangsport til bioparken
- henta inn ekstern finansiering som utløyser aktivitet og investeringar hos aktørane i parken.

Voss Virka jobbar i mellomrommet

Me koplar næringslivet mot forsking og med kvarandre. Me initierer innovasjonsprosjekt som tar tak i problemstillingane som ligg i mellomrommet mellom dei eksisterande aktørane. På denne måten klarer me å byggja strategiske partnarskap på tvers av sektorar,

næringsliv og verdikjeder. Slik at me saman kan få tak i risikoreduserande offentleg finansiering. På denne måten utviklar me idéar til realiserbare prosjekt. Der løysingane er gode, business-casene blir utvikla, lukkast me i å tiltrekka oss privat kapital som kan bidra til realisering av ideane. Dette er innovasjonsarbeid operasjonalisert.



Figuren viser korleis Voss Virka arbeider i mellomrommet.

Utviking over tid

Etablering av ny sirkulær industri tar tid og krev tolmod. Bjørkemoen vart definert som ein hub i Grøn region Vestland i 2021. Då hadde BIR allereie arbeida med konseptet biopark knytt til biogassanlegget i fleire år. I 2024 fekk prosjektet ei tildeling på 1 million kroner frå Sparebankstiftinga Hardanger. I løpet av 2025 når prosjektet fleire milepæler:

- Innovasjonshuset Bjørkemoen 46 blir etablert.
- Voss Virka AS blir stifta
- Biogassanlegget kjem i drift
- Symbiosen mellom biogassbehandling av matavfall og handtering av gjødsel i landbruket vert etablert
- Voss herad sikrar seg areal på området

I løpet av 2026 når aktørane fleire av måla som er definert

- Invertapro lukkast med sin siste emisjon
- Voss Microz skalerar si verksemd
- Voss Virka hentar finansiering til fleire innovasjonsprosjekt
- Geoterm blir etablert
- Fleire aktørar flyttar inn i Innovasjonshuset
- Voss herad samlar sine sirkulære satsingar gjennom Voss Virka
- Newtonrommet utviklar ein ny undervisningsmodul om sirkulærøkonomi
- Voss Virka er blant dei fyste i Noreg som gjenomførar ei analyse etter det nye rammeverket Global Circularity Protocol

Ser heilskapen

Nøkkelen i arbeidet med utviklinga av industrielle symbiosar handlar om aktørane si evne til å sjå heilskapen. Det er ikkje nok at kvar verksemd sørgjer for profitt for seg sjølve. Dei må og evna å sjå korleis kvart selskap passar inn i symbiosen og kan bringe meir verdi til heilskapen. Omstillinga til sirkulære verdikjeder lukkast når ulike aktørar går saman og delar på mogelegheitene.



Voss Virka jobbar heilskapeleg og er eit bindeledd mellom aktørar

Drivkreftene bak Voss Virka har dette i ryggmargen. Me arbeider med dei store og dei små spørsmåla samstundes. Me arbeider både med systema, der måten samfunnet og næringsliv er organisert står i vegen, samtidig jobbar med konkret inn mot relevante personar og aktørar som kan byggja dei manglande brikkene i dei komande verdikjedene. Det er ein kombinasjon av å identifisere mogelegheiter, konseptualisere dette nok til å få med seg relevante folk, rekne på forretningsmogelegheitene, henta finansiering og kopla innovative krefter meg industrielle musklar.

Globale problem har berre lokale løysingar.

Saman vil me skapa meir av mindre. Slik at me kan demonstrera korleis det går an å driva industriell næring, tena pengar, med lågare utslepp og mindre negativ påverknad på naturen.